



## **Statens vegvesen**

Hordaland fylkeskommune –  
Samferdsleavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Per Steinar Nedkvitne /  
90882572

Vår referanse:  
16/475-1


Dykkar referanse:

Vår dato:  
04.01.2016

### **Fv. 7 – Statusendring av veg utanfor Lussandberget i Granvin herad**

Arbeidet ved Lussandberget starta opp i februar 2015 og arbeidet med den nye Bjørgatunellen (1565 m) er godt i gang. Den nye veglinja i tunellen vil få status som Fv. 7. Eksisterande veg frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vil då få statusendring.

Det er spørsmål om kva status denne strekninga skal ha i framtida.



Postadresse	Tlf nr 02030	Strekninga saka gjeld
Statens vegvesen Region vest Askedalen 1 6863 LEIKANGER	france@vk.vgvesen.no	Strekninga saka gjeld
	Omgren. 01.01.2015	Strekninga saka gjeld
		Oppdrag nummer: 16/475-1

Viser til planomtalens i reguleringsplanen:


«

### *3.8 Løysing for gåande og syklande*

*I planen er det lagt opp til at eksisterande veg (framtidig turistveg) som går parallelt med tunnelen skal haldast open i sommarhalvåret. Gang- og sykkeltrafikken kan difor nyte denne vegen. Grunna rasfare, mindre trafikk, i tillegg til auka vedlikehaldsbehov er dagens veg føresett stengt i vinterhalvåret.*

«

På denne strekninga er fv. 7 ein del av Nasjonal turistveg – Hardanger



Frå planomtalens  
Landskapsbilete

«

*Ei samla vurdering av endra  
reiseoppleveling er vurdert som  
god/mindre god, med  
utgangspunkt i at variasjon og  
inntrykk vert redusert ved tiltaket.  
Samstundes vil avlasta veg få ei  
auka reiseoppleveling som Nasjonal  
turistveg sommartid.*

«

Utsnitt frå Hordaland Fylkeskommune si fråsegn til reguleringsplanen dat. 04.05.2011:

«

*Ein må vurdere om eksisterande veg skal brukast til gang- og sykkeltrafikk eller stengast.  
Dersom eksisterande veg berre brukast som tilkomst til eigedommar bør det vurderast å  
nedklassifisere denne til kommunal veg.*

«

Som ein ser, vurderer fylkeskommunen om vegen burde nedklassifiserast til kommunal veg.

I vurderinga av fråsegna vart det teke omsyn til at eksisterande veg skal brukast til gang- og sykkelveg, men kan stengjast om vinteren. Vegen vil framleis vera skilta som Nasjonal turistveg og gang- og sykkelveg.

Til erstatning for stopplass på Lussand, som kjem i konflikt med det nye krysset, er Nasjonal turistveg i gang med planlegging av ny stopplass på denne strekninga. Denne stopplassen vil ligga nærmare Beggevik. Denne plassen er no under planlegging.

Det ligg føre tilråding til statusendring/klassifisering av denne strekninga:

*Helle gamlevegen Fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert  
klassifisert som arm til Fv. 7 med eigen Hp, men vil vera vinterstengd og vil fortsatt vera i  
fylkeskommunali eiga.*

Saka har vore på intern høyring og det er ikkje kome merknader til framlegg til statusendringa.

Før vi sender dette forslaget til endring av klassifiseringa av vegen til godkjenning i Hordaland fylkeskommune, ber vi om uttale/innspel frå dykk.

Klassifiseringssaka vert hermed også sendt til Granvin herad for uttale.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

Nedkvitne Per Steinar

Likelydande brev sendt til  
Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN  
Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

for less than 10% of the time. This is due to the fact that the system is more likely to be in a state where the energy difference between the two levels is small, which leads to a higher probability of transitions between them.

The results show that the system exhibits a non-Markovian behavior, characterized by the presence of memory effects in the transition probabilities.

The results also show that the system exhibits a non-Markovian behavior, characterized by the presence of memory effects in the transition probabilities.